



Møteprotokoll

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 20.05.2021 kl. 15:30
Møtestad: Rasteplassen - Radøy kyrkjekontor
Arkivsak: 19/05178

Til stades: Grethe Lunde, Bent Gunnar Næss, Turid Sporsheim Tvedt, Ole D. Hagesæther, Helge Taranrød, Alf Magnar Angelskår, Astrid Aarhus Byrknes

Frammøtte
varamedlemer:

Forfall:

Andre: Audun Sylta

Protokollfører: John Fredrik Wallace

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
Godkjenning av protokoll		
Saker til behandling		
13/21	Budsjett 2022 for Alver kyrkjelege fellesråd	2
14/21	Strategiplan Alver kyrkjelege fellesråd	3
15/21	Program fellesmøte fellesråd-sokneråd 03.06.21	4
16/21	Tertialrapport 1. tertial 2021	5
17/21	Møteplan haust 2021	5
Orienteringssaker		
Eventuelt		

Knarvik, 15.07.2021

Grethe Lunde

leiar

John Fredrik Wallace
sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

Saker til behandling

13/21 Budsjett 2022 for Alver kyrkjelege fellestråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellestråd	20.05.2021	13/21

Forslag til vedtak

Fellestrådet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2022, og søker kommunen om ei auke i driftsstøtta på kr 1,5 mill (inkl indeksering).

Møtebehandling i Alver kyrkjelege fellestråd 20.05.2021:

Møtebehandling

Budsjettsforslag med forklaringar blei gjennomgått. Fellestrådet ga støtte til å sende ein budsjettssøknad til kommunen for 2022, der ein søker om å auke driftstilskotet med kr 1,5 mill. Beløpet er delt i tre hovudpostar:

1. 50% stilling i administrasjonen i fellestrådet. Det har vore eit klart behov heilt sidan samanslåinga til Alver KF. Stillinga skal ma. ha ansvar for arkivarfunksjonen, personalarkivet, adm.støtte til driftsleiar/gravferd, telefoni ++.
2. Kr 500.000 til løpande vedlikehald gravplassar og kyrkjer. For 2021 fekk vi eit eingongsbeløp på kr 300.000, men det ligg dessverre ingenting til dette formålet i den faste ramma til kyrkja.
3. Ajourføring/korrigerering av enkeltpostar som er for låge i 2021 (husleige, piano- og orgelstemming, strøm, datatenester ++)

Administrasjonen blir bedt om å sende eit søknadsbrev til kommunen. Der må ein óg vise til den 4-årige vedlikehaldsplanen som allereie er sendt, og korleis dette heng saman.

Ein føreset at kommunen uansatt indekserar heile tilskotsbeløpet.

Det blei nemnt at vi ikkje foreslår å søkje om pengar til nye investeringar i 2022. Men sjølvsgt skal vi føre vidare dei tiltaka som er i gang, ma. gravplass Lindås - det må vi avklare med kommunen sin administrasjon.

Fellesrådet drøfta óg festeavgift. Ein vil vurdere å foreslå for kommunen ei indeksregulering kvart år, eller at avgifta no ligg fast ein periode. Fellesrådet ba om ei eiga sak om festavgifta til fellesrådet sitt møte i september.

Votering

Einstemmig

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2022, og søker kommunen om ei auke i driftsstøtta på kr 1,5 mill.

Fellesrådet ba om ein sak om fesetavgifta til møte i september.

[Lagre vedtak]

14/21 Strategiplan Alver kyrkjelege fellesråd

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellesråd	20.05.2021	14/21

Møtebehandling i Alver kyrkjelege fellesråd 20.05.2021:

Møtebehandling

Behovet for å starte med strategiarbeid blei drøfta.

Det var einighet om å sette ned ei arbeidsgruppe, som til neste møte kan leggje fram eit forslag til strategiprosess.

Det blir innhenta bistand og råd frå KA.

Votering

Einstemmig

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet drøfta saka, og ber ei arbeidsgruppe leggja fram forslag til stategiprosess på neste møte.

I arbeidsgruppa deltek leiar i fellesrådet, prost (eller ein han peikar ut), kyrkjeverje og ein eller fleire tilsette leiarar.

[Lagre vedtak]

15/21 Program fellesmøte fellesråd-sokneråd 03.06.21

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellesråd	20.05.2021	15/21

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok saka til orientering

Møtebehandling i Alver kyrkjelege fellesråd 20.05.2021:

Møtebehandling

Fellesrådet drøfta opplegg og gjennomføring. Trass i smitte vil ein gjennomføra samlinga, men med god avstand, faste plassar og utan gruppearbeid. Helge justerer opplegget for arbeidet med diakoniplan.

Servering må vera heilt enkel, utan bevegelse/flytting.

Votering

Einstemmig.

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet tok saka til orientering

[Lagre vedtak]

16/21 Tertialrapport 1. tertial 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellesråd	20.05.2021	16/21

Forslag til vedtak

Fellesrådet tok rapport frå 1. tertial 2021 til vitande

Møtebehandling i Alver kyrkjelege fellesråd 20.05.2021:

Møtebehandling

Dessverre var det ikkje tid til å sende ut saka på førehand sidan møte var framskynda.

Det blei gitt ei kort munnleg orientering.

Kort fortalt har drifta 1. tertial gitt eit overforbruk på kr 70.000. På årsbasis vil det seie eit overforbruk på kr 200.000. Det er ikkje dramatisk, men gir signal om at vi må vera tilbakehaldne med å seie ja til nye utgifter.

Truleg viser dette at vi generelt er litt underfinansierte i drifta.

Votering

Einstemmig.

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet tok rapport frå 1. tertial 2021 til vitande

[Lagre vedtak]

17/21 Møteplan haust 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Alver kyrkjelege fellesråd	20.05.2021	17/21

Forslag til vedtak

Fellesrådet fastset tre møtedatoar:

- Torsdag 23. september: ordinært møte
- Torsdag 25. november: ordinært møte
- Torsdag 20. januar 2022: budsjettmøte

Møtebehandling i Alver kyrkjelege fellesråd 20.05.2021:

Møtebehandling

Datoane blei drøfta, det er behov for å endre møtedag i november.

Votering

Einstemmig

Alver kyrkjelege fellesråds vedtak

Fellesrådet fastset tre møtedatoar:

- Torsdag 23. september: ordinært møte
- Torsdag 18. november: ordinært møte
- Torsdag 20. januar 2022: budsjettmøte

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

Audun orienterte om status vedlikehald /oppgradering for kyrkjene Meland, Lygra, Lindås og Ostereidet.

Eventuelt

Ole D Hagesæther fortalte at han skal ha permisjon frå fellesrådet i eit år. Frå Knarvik sokn vil Ole sin vara delta mens han har permisjon.